
Vår referanse 2021/24554-5
Dato 26.08.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Fv. 57 - Bruvoll bustadområde planid 1263201310 - Gnr 55 bnr 1 og 2 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune syner til brev mottatt 16.06.2021 med framlegg til løysing av motsegn for *Bruvoll bustadområde*.

Statens vegvesen fremja motsegn til reguleringsplan for Bruvoll bustadområde ved Hundvin i Alver kommune i 2019. Etter forvaltningsreforma som tredde i kraft 01.01.2020 er forvaltning av fylkesvegane overført til fylkeskommunen. Det er likevel vegvesenet som har fremja motsegn, og som har mynde til å trekkje denne, i samråd med fylkeskommunen.

Vurdering av planframlegget:

Kryss fv. 57 x kv Hundvinvegen:

Planframlegget viser ei endring av kryssområdet mellom fylkesveg 57 og kommunal veg. Krysset er stramma opp og trekt lenger nord. Kommunal veg mot nord, retning Konglevoll, er trekt lengre vekk frå hovudkrysset. Stigning i kommunal veg Hundvinvegen vert rundt 10%. Dette er bratt, men det er likevel sørga for at det ikkje er meir enn 3% stigning ved tilkopling mot fylkesvegen. Samla sett meiner vi dette er ei vesentleg forbetring og at ein oppnår ei meir trafikksikker løysing.

Dråpeøy i sideveg:

- Trafikken i krysset er så høg at etablering av dråpeøy bør vurderast.
- Truleg er det ei marginal justering som skal til for at det er tilstrekkeleg areal til fysisk dråpeøy.
- Kan i dette tilfellet vere akseptabelt med ei måla dråpeøy for å leie trafikken gjennom krysset.

Busslomme:

- Vi rår til å flytte nordgåande busslomme litt sør, eventuelt forlenge den litt, slik at den og kan ha funksjon som passerslomme.
- Det må vere eit naturleg kryssingspunkt for mjuke trafikantar på det smalaste punktet.
- Vi rår eventuelt til å flytte sørgåande busslomme litt nord, slik at ein unngår konflikt med brukar.

Rekkjefølgjekrav og føresegner:

- Slik vi forstår planframlegget er det rekkjefølgjekrav knytt til opparbeiding av all aktuell infrastruktur i planområdet.
- Det må innarbeidast ei føresegn som seier at det skal inngåast gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune før det vert satt i gong arbeid som omfattar fylkesvegen: «Før arbeid på fylkesveganlegg kan starte/settast i gang, skal det vere inngått ein gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune».
- Det må og leggjast inn føresegn for flytting av og opprusting av busslommene.
- Rekkjefølgjekrav for bru er for detaljert. Det kan ligge fram i tid at ny bru vert opparbeidd, og det er difor behov for å ei meir generell føresegn. Det må gå fram av føresegna at brua skal erstattast med ny og at det skal vere eit tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar

Bru over fylkesveg «Hundvin II».

Det er utarbeidd ein rapport som vurderer tilstanden på brua. Vi har gjennomgått rapporten og vi vurderer den som noko mangelfull då den er utarbeida utan teikningar og den er basert på manglande informasjon.

Vidare har vi konferert rapporten med Vegdirektoratet som konkluderer med at brua ikkje kan godkjennast for 10 tonn aksellast utan større tiltak. Kostnader knytt til reparasjon av brua vil truleg ligge på det same som for etablering av ei ny bru. Det vert difor rådd til at brua vert erstatta med ny før det vert lagt til rette for nye bustader og auka bruk av brua. Det må samstundes regulerast for ei tilfredsstillande tilbod for mjuke trafikantar i samsvar med handbok N100.

Brua er angitt som del fellesveg / privat veg f_SKV3. Det vil vere naturleg å vurdere om denne vegstrekninga skal klassifiserast som kommunal veg

Oppsummering:

Dersom punkta for dråpeøy, busslomme og rekkjefølgjekrav og føresegner vert gått i møte, meiner Vestland fylkeskommune at motsegna på desse områda er løyst for vårt vedkommande.

Planforslaget viser ikkje ei tilfredsstillande løysing for bru over fylkesvegen, og heller ikkje tilfredsstillande føresegn til brua. Vi rår til at det vert opprettheldt motsegn på dette punktet.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift